



Møteprotokoll

Utval:	Tenesteutval for forvaltning og utvikling
Møtestad:	Festsalen, Volda samfunnshus
Dato:	01.06.2026
Tid:	kl. 13.00 - 17.05

Frammøtte	Representerer	Funksjon
Brynhild Helene Solvang	Ap	medlem
Terje Følsvik	Frp	medlem
Petter Espe	H	medlem
Anders Egil Straume	KrF	leiar
Henriette Hafsaas	MDG	medlem
Olin Bruheim Løvlid	SP	medlem
Øyvind Espe	SV	medlem
Benedikte Holmberg	UAV	medlem

Forfall	Representerer	Varamedlem	Representerer
Hans Peter Eidseflot	SP	Øyvind Festø	MDG

Andre som møtte:

Jørgen Vestgarden – Seksjonsleiar Utvikling
Børild Skåra – Rådgjevar landbrukskontoret
Roy Inge Heltne – Brannsjef – OS 11/26
Heidi Istad – Planleggjar – OS 12/26
Trond-Fredrik Hoddevik – Byggesakshandsamar PS 43/26

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 34/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/1713
PS 35/26	Godkjenning av protokoll	26/1713
PS 42/26	Orienteringar	26/1713
OS 11/26	Orientering om Volda Brann og Redning	26/1713
OS 12/26	Områdeplan Volda sentrum	26/1713
OS 13/26	Orientering om kommuna si rolle i saker om akvakultur	26/1713
PS 43/26	Endring av bygg- påbygg og fasade - Fransvegen 3 - Gnr 21 bnr 11	26/573
PS 36/26	Forskrift om fellingsavgift på hjort - Volda kommune - uttale frå TFU	26/1143
PS 37/26	Søknad om konsesjon - Rune Osdal og Mathea Blomberg - 1577 Volda gnr 56 bnr 4	26/1434
PS 38/26	Jordlovshandsaming, deling og omdisponering av dyrka mark, Svarastranda - Statens vegvesen - Volda - gnr 209 bnr 1 m.fl.	26/930
PS 39/26	Nydyrking - Jørn Ole Viddal - Volda - gnr 230 bnr 1, 2, 5, 6, 9	26/1666
PS 40/26	Omdisponering § 9 Jordlova - Anita Høgstøyl - Volda - gnr 165 bnr 1	26/1343
PS 44/26	Søknad om dispensasjon - Basseng - naust - Ørstavegen 75 - Gnr 15 bnr 3	26/510
PS 41/26	Delegerte saker	26/1713

Volda, 02.06.2026

Anders Egil Straume
leiar

PS 34/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent utan merknad.

Behandling:

Det var åtte røysteføre ved møtestart. Henriette Hafsaas vart forsinka.

Det var ingen merknad til innkalling eller saklista.

PS 35/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Møteprotokollen frå førre møte vart godkjend utan merknad.

Behandling:

Det var ingen merknadar til protokollen frå førre møte.

PS 42/26 Orienteringar

Vedtak:

Orienteringsakene vart tekne til vitende.

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
11/26	Orientering om Volda Brann og Redning
12/26	Områdeplan Volda sentrum
13/26	Orientering om kommuna si rolle i saker om akvakultur

Behandling:

Henriette Hafsaas møtte. Det var ni røysteføre.

Orienteringsakene vart tekne til vitende.

OS 11/26 Orientering om Volda Brann og Redning

Behandling:

Brannsjef Roy Inge Heltne orienterte om Volda brann og redning og svarte på spørsmål frå utvalet.

OS 12/26 Områdeplan Volda sentrum

Behandling:

Planleggjar Heidi Istad orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet.

OS 13/26 Orientering om kommuna si rolle i saker om akvakultur

Behandling:

Seksjonsleiar utvikling, Jørgen Vestgarden, orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet.

PS 43/26 Endring av bygg- påbygg og fasade - Fransvegen 3 - Gnr 21 bnr 11

Vedtak:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir dispensasjon frå:

1. Gesimshøgde og etasjetal i reguleringsplanen Heltne/Bratteberg, planID 1979001 § 5 bokstav b) for maks 6 meter og opp til 1 etasje + sokkel / 1,5 etasje.

Dispensasjonen er gjeve på vilkår av at:

1. Gesimshøgde skal ikkje overstige meir enn 6,4 meter for dei hjørna som er søkt om. Resterande delar av tiltaket skal elles vere i tråd med reguleringsplanens føresegn om byggehøgde.

Behandling:

Utvalet var på synfaring på staden før handsaming av saka.

Anders Egil Straume (Krf) stilte spørsmål om gildskap. Viser til Forvaltningslova § 6 andre ledd. Han gjekk frå under røysting av gildskap.

Øyvind Festø vart samrøystes valt som settemøteleiar. Utvalet drøfta Straume sin gildskap.

Røysting om gildskap (åtte røysteføre):

Anders Egil Straume vart samrøystes kjent gild.
Straume tok sete igjen. Det er ni røysteføre.

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir dispensasjon frå:

1. Gesimshøgde og etasjetal i reguleringsplanen Heltne/Bratteberg, planID 1979001 § 5 bokstav b) for maks 6 meter og opp til 1 etasje + sokkel / 1,5 etasje.

Dispensasjonen er gjeve på vilkår av at:

1. Gesimshøgde skal ikkje overstige meir enn 6,4 meter for dei hjørna som er søkt om. Resterande delar av tiltaket skal elles vere i tråd med reguleringsplanens føresegn om byggehøgde.

PS 36/26 Forskrift om fellingsavgift på hjort - Volda kommune - uttale frå TFU

Vedtak:

Tenesteutval forvaltning og utvikling støttar forslag til forskrift om fellingsavgift for hjort i Volda kommune, med fellingsavgift på kr 200 for kalv og kr 350 for vaksne dyr

Behandling:

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval forvaltning og utvikling støttar forslag til forskrift om fellingsavgift for hjort i Volda kommune, med fellingsavgift på kr 200 for kalv og kr 350 for vaksne dyr

PS 37/26 Søknad om konsesjon - Rune Osdal og Mathea Blomberg - 1577 Volda gnr 56 bnr 4

Vedtak:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling viser til søknad om konsesjon på gnr 56 bnr 4 på Nøre-Kalvatn. Det vert vist til konsesjonslova og gitt konsesjon til Rune Osdal og Mathea Blomberg, med ein kjøpesum på 4,85 mill. kr.

Det vert sett vilkår om personleg buplikt i 5 år, pga. arealressursane sin storleik og området bruket ligg i. Frist for tilflytting er seinast eitt år etter overtaking.

Behandling:

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling viser til søknad om konsesjon på gnr 56 bnr 4 på Nøre-Kalvatn. Det vert vist til konsesjonslova og gitt konsesjon til Rune Osdal og Mathea Blomberg, med ein kjøpesum på 4,85 mill. kr.

Det vert sett vilkår om personleg buplikt i 5 år, pga. arealressursane sin storleik og området bruket ligg i. Frist for tilflytting er seinast eitt år etter overtaking.

PS 38/26 Jordlovshandsaming, deling og omdisponering av dyrka mark, Svarastranda - Statens vegvesen - Volda - gnr 209 bnr 1 m.fl.

Vedtak:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling syner til søknad dagsett 28.04.2026 frå Statens vegvesen om deling og omdisponering av jordbruksareal langs E39 Svarastranda i Volda kommune. Det vert søkt om løyve til å dele ifrå til saman 1,8 daa frå landbrukseigedomane gnr 209 bnr 1, gnr 210 bnr 2 og gnr 210 bnr 3 til trafikktryggleikstiltak. 1,7 daa av arealet er dyrka jord.

Med heimel i jordlova § 9 gjev tenesteutvalet løyve til omdisponering av inntil 1,7 daa dyrka jord i høve utbetring av E39 på omsøkt strekning. Ein grunngjev løyvet med behovet for trafikktryggleik på strekninga.

Med heimel i jordlova § 12 gjev tenesteutvalet, løyve til deling av til saman 1,8 daa frå eigedomane ovanfor, i samsvar med innteikna nye grenser i kartvedlegga. Ein grunngjev løyvet med at det er mindre areal, og at samfunnsnytta her er større enn ulempene for landbruket.

Ein føreset at tiltaka vert utført i samråd med grunneigarane slik at ein opprettheld gode driftstilhøve på tilgrensande jordbruksareal, og at ein gjenbrukar matjorda på/til jordbruksareal.

Behandling:

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling syner til søknad dagsett 28.04.2026 frå Statens vegvesen om deling og omdisponering av jordbruksareal langs E39 Svarastranda i Volda kommune. Det vert søkt om løyve til å dele ifrå til saman 1,8 daa frå landbrukseigedomane gnr 209 bnr 1, gnr 210 bnr 2 og gnr 210 bnr 3 til trafikktryggleikstiltak. 1,7 daa av arealet er dyrka jord.

Med heimel i jordlova § 9 gjev tenesteutvalet løyve til omdisponering av inntil 1,7 daa dyrka jord i høve utbetring av E39 på omsøkt strekning. Ein grunngjev løyvet med behovet for trafikktryggleik på strekninga.

Med heimel i jordlova § 12 gjev tenesteutvalet, løyve til deling av til saman 1,8 daa frå eigedomane ovanfor, i samsvar med innteikna nye grenser i kartvedlegga. Ein grunngjev løyvet med at det er mindre areal, og at samfunnsnytta her er større enn ulempene for landbruket.

Ein føreset at tiltaka vert utført i samråd med grunneigarane slik at ein opprettheld gode driftstilhøve på tilgrensande jordbruksareal, og at ein gjenbrukar matjorda på/til jordbruksareal.

PS 39/26 Nydyrking - Jørn Ole Viddal - Volda - gnr 230 bnr 1, 2, 5, 6, 9

Vedtak:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling syner til søknad motteke 09.04.2026 frå Jørn Ole Viddal, om løyve til å nydyrke 3,7 daa på gnr 230 bnr 1, 2, 5, 6 og 9 på Telset. Søknaden er vurdert i høve naturmangfaldslova §§ 8 – 12.

Med heimel i forskrift om nydyrking, fastsett av Landbruksdepartementet 2. mai 1997 gjev utvalet løyve til å dyrke opp inntil 3,7 daa slik det er søkt om.

Ein vektlegg m.a. at det her vert teke i bruk areal som har vore ut av drift i lengre tid, og at dyrkinga vil forbetre arronderinga på Telset vesentleg.

Vilkår:

- Mot elva frå Sætrejølet skal det stå att ei udyrka kantsone på 6 m
- Frist for å starte dyrkinga er 3 år, og arbeidet skal slutførast innan dei 3 neste åra

Behandling:

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling syner til søknad motteke 09.04.2026 frå Jørn Ole Viddal, om løyve til å nydyrke 3,7 daa på gnr 230 bnr 1, 2, 5, 6 og 9 på Telset. Søknaden er vurdert i høve naturmangfaldslova §§ 8 – 12.

Med heimel i forskrift om nydyrking, fastsett av Landbruksdepartementet 2. mai 1997 gjev utvalet løyve til å dyrke opp inntil 3,7 daa slik det er søkt om.

Ein vektlegg m.a. at det her vert teke i bruk areal som har vore ut av drift i lengre tid, og at dyrkinga vil forbetre arronderinga på Telset vesentleg.

Vilkår:

- Mot elva frå Sætrejølet skal det stå att ei udyrka kantsone på 6 m
- Frist for å starte dyrkinga er 3 år, og arbeidet skal slutførast innan dei 3 neste åra

PS 40/26 Omdisponering § 9 Jordlova - Anita Høgstøyl - Volda - gnr 165 bnr 1

Vedtak:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling syner til søknad dagsett 23.04.2026 frå Asplan Viak for Anita Marie Høgstøyl om veg til fritidseigedomen gnr 165 bnr 3. Tiltaket er planlagt slik at

det vil føre til omdisponering av om lag 0,4 daa dyrka jord på gnr 165 bnr 1. Søknaden er vurdert opp mot måla i jordvernstrategien til Volda kommune og § 9 i jordlova.

Med heimel i jordlova § 9 gjev tenesteutvalet ikkje løyve til omdisponering av dyrka jord til vegbygginga. Utvalet legg avgjerande vekt på at ein i tillegg til omdisponeringa vil få ei oppdelt dyrkajord med store driftsulemper.

Behandling:

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling syner til søknad dagsett 23.04.2026 frå Asplan Viak for Anita Marie Høgstøyl om veg til fritidseigedomen gnr 165 bnr 3. Tiltaket er planlagt slik at det vil føre til omdisponering av om lag 0,4 daa dyrka jord på gnr 165 bnr 1. Søknaden er vurdert opp mot måla i jordvernstrategien til Volda kommune og § 9 i jordlova.

Med heimel i jordlova § 9 gjev tenesteutvalet ikkje løyve til omdisponering av dyrka jord til vegbygginga. Utvalet legg avgjerande vekt på at ein i tillegg til omdisponeringa vil få ei oppdelt dyrkajord med store driftsulemper.

PS 44/26 Søknad om dispensasjon - Basseng - naust - Ørstavegen 75 - Gnr 15 bnr 3

Vedtak:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå plan- og bygningslova §1-8, LNF-område og byggegrense mot sjø, jf. § 2.7.3, i kommunedelfplan for tidlegare Volda kommune med planid 2016005 for etablering av basseng på gbr.: 15/3 som vist i søknad pr. 17.04.2026 med seinare suppleringar.

Fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene.

Søknaden om dispensasjon for oppføring av naust på gbr. 15/3 vert gitt avslag, då omsyna bak føresegnene det er søkt om dispensasjon frå vert sett vesentleg til side og kommunen ikkje har heimel til å dispensasjon jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Behandling:

Røysting (ni røysteføre):

Det vart røysta over kommunedirektøren si tilråding. Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Tenesteutval for forvaltning og utvikling gir med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 dispensasjon frå plan- og bygningslova §1-8, LNF-område og byggegrense mot sjø, jf. §

2.7.3, i kommunedelplan for tidlegare Volda kommune med planid 2016005 for etablering av basseng på gbr.: 15/3 som vist i søknad pr. 17.04.2026 med seinare suppleringar.

Fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene.

Søknaden om dispensasjon for oppføring av naust på gbr. 15/3 vert gitt avslag, då omsyna bak føresegnene det er søkt om dispensasjon frå vert sett vesentleg til side og kommunen ikkje har heimel til å dispensasjon jf. plan- og bygningslova § 19-2.

PS 41/26 Delegerte saker

Vedtak:

Dei delegerte sakene vart tatt til vitende.

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
130/26	Adressevedtak - Torvika 36 - Gnr 161 bnr 2
131/26	Ferdigattest - Bruksendring av annen landbruksbygning - Torvika 36 - gnr 161 bnr 2
135/26	Ferdigattest - Einebustad med garasje - Driveklepp 32 - gnr 22 bnr 44
119/26	Ferdigattest - Rehabilitering av pipe - Bakkevegen 14A - gnr 20 bnr 172
121/26	Ferdigattest - Riving av hus - Bergsvegen 60 - gnr 21 bnr 181
126/26	Ferdigattest for veg til fritidseigedom i Hjartåbygda - gnr 33 bnr 6
129/26	Igongsettingsløyve - Tilbygg til garasje - Bøgardsvegen 21 - gnr 20 bnr 399
133/26	Igongsettingsløyve for utskifting av VA-leidningar i gatene Lyngbakken m.fl. - gnr 19 bnr 990 m.fl.
128/26	Løyve til endra plassering av avkøyrsløp til Lønnsåsen 19 - gnr 204 bnr 36
122/26	Løyve til tiltak - Bruksendring av annen landbruksbygning - Torvika 32 - gnr 161 bnr 2
117/26	Løyve til tiltak - Fasadeendring og oppføring av tilbygg - Øvrevegen 17 - gnr 18 bnr 137
118/26	Løyve til tiltak - Rehabilitering av pipe - Dalsfjordvegen 614 - gnr 145 bnr 3
57/26	Løyve til tiltak - Riving av våningshus - Velsvikvegen 673 - gnr 167 bnr 5
140/26	Løyve til tiltak - Tilbygg og ombygging ved medisinsk biokjemi - Kløvertunvegen 1 - gnr 19 bnr 451
120/26	Mellombels bruksløyve - Butikk (eks bygg B og C) - Furene 22 - gnr 11 bnr 24
138/26	Mellombels bruksløyve - Oppføring av bustadhus - Klatrevegen 3 - gnr 21 bnr 161
127/26	Mellombels bruksløyve - Riving av mindre lagerbygning og oppføring av tilbygg til garasje-/ hangarbygning - Furene 4, 6105 Volda - gnr 11 bnr 58
136/26	Mellombels bruksløyve - seksjon 19 - Håmyra 3G - gnr 18 bnr 403
125/26	Rammeløyve - Oppføring av einebustad - Andanesvegen 24 - gnr 30 bnr 237
115/26	Vedtak om deling - Gnr 158 bnr 4 - Frådeling av grunn rundt Lauvstad vassverk - Haugevegen 129
139/26	Vedtak om deling - Gnr 18 bnr 64 - Tilleggsareal til gnr 18 bnr 44 - Lønnevegen
124/26	Vedtak om seksjonering - Seksjonering - Rotsetstranda 11A, B og C - gnr 30 bnr 325

Behandling:

Dei delegerte sakene vart tatt til vitende.